



Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Vår dato: 06.08.2019
Vår ref: 2019/11776

Dykkar dato: 29.05.2019
Dykkar ref: 18/453

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352
Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325

Uttale - Offentleg ettersyn - Meland - utviding av kyrkjegard - detaljregulering

Vi viser til brev frå kommunen datert 28.05.2019. Saka gjeld offentleg ettersyn av reguleringsplan for Meland kyrkjegard.

Fylkesmannen sine merknader

Fylkesmannen har merknader til vassdrag og ROS-analysen.

Vassdrag

Bekkane i området har avrenning til Mjåtveitvelva. Mjåtveitvassdraget har tidlegare hatt ei levedyktig bestand av elvemuslingar, som etter fleire episodar med avrenning til vassdraget no er så godt som utrydda. På sikt er det planer om å reetablere elvemuslingar til vassdraget. Fylkesmannen er på denne bakgrunnen oppteke av at det ikkje kjem ytterlegare avrenning til vassdraget, slik at elva får dårlegare levevilkår for elvemuslingar og anna liv i elva.

Det er i samband med reguleringsplanen laga eit notat som gjeld reguleringsplanen si moglege verknad på elvemuslingane i vassdraget. Vi er ikkje usamdi i konklusjonen i dette notatet om at det er lite sannsynleg at tiltaket vil påverka elvemusling, men vi meiner likevel at ein i størst mogleg grad må hindre avrenning til bekken. Det er anna liv i bekken enn fisk og elvemuslingen. Bekken er ei sidegrein til Mjåtveitvassdraget og det er ei målsetjing gjennom vassdirektivet at vassdraget skal ha god økologisk tilstand. Det vil ikkje vere mogleg om ein ikkje får slutt på partikkelavrenning til vassdraget.

Rådgivende Biologer har ved taking av vassprøvar gjennom vassforskriftarbeidet, påvist mykje næringsemne i Mjåtveitvassdraget, og storparten ser ut til å kome frå landbruksareal. Steinsatte grøfter der dyrka mark ligg heilt inntil som i dette planområdet, gjev høg risiko for slik avrenning. Vi meiner på den bakgrunn at det er særleg viktig at riggområde #1 hell god avstand til bekkane i planområdet. Konkret vil dette si at riggområde må trekka vekk frå bekk som ligg sørvest i riggområde #1. Om det er mogleg å trekkje H560 enda litt lenger sørover er dette også ei fordel. Vi vil også rá Meland kommune til å gå i dialog med grunneigar for å drøfte mogleheter for å reetablere naturleg kantvegetasjon langs desse sidebekkane til Mjåtveitvelva. Det kan eksempelvis vere høve å gje SMIL-tilskot gjennom landbruket til eit slikt tiltak.



I anleggsperioden er det også viktig at tiltakshavar har kontroll på avrenning og at det vert igangsett tiltak om det vert oppdaga avrenning til vassdraget.

ROS

Det er utarbeida ein ROS-analyse til reguleringsplanen.

Fylkesmannen er usikker på kva akseptkriterier som er lagt til grunn fordi tabell 2 og 8 ikkje samsvarer. Vi gjer kommunen merksam på at det vert akseptert sært høg risiko i tabell 8. Vi viser til gul farge på S3 og K4, med meir enn ei hending kvart 50 år der ein kan forvente 2 døde og/eller 5 alvorleg skadde.

I ROS-analysen er det vurdert at skogbrann er den einaste relevante risikoen. I vurdering av brannfare i ein ROS-analyse bør ein rådføre seg med brannsjef i kommunen. Det kjem ikkje klart fram om dette er gjort.

Fylkesmannen meiner kommunen må klargjere og rette opp ROS-analysen.

Konklusjon

Fylkesmannen si vurdering er at riggområde må trekkast vekk frå bekk som ligg sørvest i riggområde #1 og at kommunen må klargjere og rette opp ROS-analysen.

Vi ynskjer lykke til med vidare planarbeid

Med helsing

Svein Kornerud
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN
Statens vegvesen Region vest Postboks 43 6861 LEIKANGER